

Referat

Studieprogramråd for Master i klinisk sjukepleie

Møtedato: 26.05.2021 kl. 13:00 15:00

Møterom Zoom

Deltakere: Tove Hestdal, , Wenche Hårkla Vallestad, Arvid Steinar Haugen, Tone Norekvål, Grethe Dåvøy, Anny Margrethe Norleman Holme, Gro Hovland, Johannes Haltbakk

Frafall meldt: Lise Bracco, Elizabeth Houger, Birte Gundersen og Iris Beate Hammerseth

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
07/21 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer Saker til eventuelt?	Fagsekjonsleder	10 min
Referat:				
Gjennomgang av referat møte 1. ingen kommentarer Ingen saker til eventuelt.				

08/21 Internasjonalisering i studieprogrammet	Vedlegg: Blir ettersendt	Presentasjon av internasjonalt fokus i utdanningen. I inneværende semester har fagseksjonen fokus på dette området Målet er å få til en felles plattform.	Fagseksjonsleder innleider og orienterer.	20 min
--	-----------------------------	---	---	--------

Referat:

Lærer/forskarutveksling: Studieprogramrådet ble orientert om bruk av internasjonale samarbeidspartar inn i studieprogrammet. Samarbeid med forskrarar og undervisarar internasjonalt har hatt stor betydning for miljøets evne til å utvikle kandidatane gjennom internasjonale medrettleiarar på masteroppgåver: Studentar får moglegheit til å delta i internasjonalt planlagde og finansierte forskingsprosjekt, eller utvikle masterprosjekt som knoppskytingar frå internasjonale prosjekter.

Per i dag er det ein Erasmus+ avtale med universitet på Akureyri. Ser vi på forskarsamarbeid og samarbeid mellom undervisar som beskrive ovanfor, er bildet mykje meir omfattande Dette forskarsamarbeidet og samarbeidet mellom undervisarar, må vi få fram og utvikle i arbeidet med internasjonaliseringa i studieprogrammet.

Haukeland universitetssjukehus (HUS) får innimellom henvendelse frå studentar som skal bli variantar av operasjonssjukepleiar eller anestesisjukepleiar, operasjonsteknikkar eller anestesiteknikkar frå andre land. Studentane ber om å få gjennomføre praksis ved sjukehuset. Frå HUS sin ståstad er det ønskjeleg å få til at desse studentane kommer på som følgje av at deira utdanningsinstitusjon har eit samarbeid med HVL om formalisert ut-/innveksling. Ei utfordring med internasjonalisering er at utdanningane utanfor Norden er ulike med omsyn til innhald, omfang og nivå og HUS har bruk for å vite at HVL eller andre norske utdanningsinstitusjonar anerkjenner de aktuelle variantane av studieprogram de kommer frå.

09/21 Personalsituasjonen ved utdanningane	Vedlegg: Blir ettersendt	Studieprogramrådet orienterast om status på personalsituasjonen for utdanningane. HVL ønsker å diskutere korleis vi skal rekruttere fagpersonar. Det er behov for samarbeid med helseføretak for å finne kandidatar. Samarbeid om forskingsprosjekt om gode prosjekt som gir lønn til stipendiatar og som på sikt sikrar ettervekst av rett kompetanse	Fagseksjonsleder orienterer	20 min
---	-----------------------------	--	-----------------------------	--------

Referat:

Johannes Haltbakk gikk gjennom vedlegg som viser oversikt over status for utdanningen. Studieprogramrådet vart bedt om å komme med innspel til korleis samspelet mellom leiing og vitskapeleg personale kan fremme utvikling av nye fagpersonar til utdanningane.

Studieprogramrådet kom med gode råd for arbeidet:

- Rettleiarkompetansen må fordelast breitt, slik at framtidige ph.d.-kandidatar kan rekrutterast til alle spesialitetane i studieprogrammet: Det er bruk for at de sterke miljøa i fagseksjonen/ instituttet utviklar prosjekter som kan ha plass med relevans for framtidige doktorgradskandidatar med ein av studieprogrammets spesialitetar i fagkretsen. . Med de sterke vitskapelege miljøa som premissleverandørar er sjansen størst for at stipendiatmidlar kan innhentast eksternt, og sjansen er størst for gjennomføring, og med god kvalitet.
- Finne dei gode masterkandidatane som kan rekrutterast til ph.d.-studiet . Rekrutteringsarbeidet må starte tidleg for å finne talenta. For å få dei heilt fram tek det tid.
- Etablere større prosjekter med i student for eit arbeidskrevjande arbeid med å utvikle enkeltprosjekt for kvar einskild stipendiat, Det er god tidsbruk å la de etablerte vitskapelege miljøa utvikle større program som kommande ph.d.-kandidatar kan søke seg til som stipendiat, fordi det aukar sjansen for å lykkes både for å få inn eksterne midlar til stipendiatstillingar, og til å utvikle kandidatane fram mot disputas.
- Redusere avstanden, eller bidra til å endre haldning til at det er avstand mellom å vere ein god klinikar og forskar.
- Utvikle prosjekt der det er mogleg å ha stipendiatane i samarbeid mellom institusjonar.
- Det er også eit behov for masterkandidatar i klinikken, det er viktig å dele dei gode hovuda.
- Stipendiatar med interesse for fagfeltet sitt har vi fleire døme på yt ein framifrå innsats i studieprogrammet under ei 4-årig stipendiattid. Ein stipendiat har gjerne har ferske kliniske erfaringar, studenterfaringar friskt i minne, og etablerer raskt innsikt og engasjement for organisering og gjennomføring av studieprogrammet. Slike treng vi mange fleire av i samarbeid med erfarne førstelektorar, førsteamamuensar og professorar.

Fagmiljø trenger å stimulere til utvikle den kompetansen som trengs, der er ikkje nok å lyse etter dem men må utvikle dei sjølv. Da er det behov for samarbeid mellom fleire institusjonane og hente faglege kapasitetar for å løfte på tvers av spesialitetane.

10/21 RETHOS 3 og nye retningslinjer for ABIO utdanningene. Hvordan kan	Vedlegg:	Forskrift om nasjonale retningslinjer for ABIO utdanningene er meldt at vil være klar medio oktober.	Fagseksjonsleder innleider og orienterer	20 min
--	----------	---	---	--------

vi organisere arbeidet og hva bør vi legge vekt på?	Spørsmål til diskusjon blir ettersendt	Det er skissert at de skal gjelde fra 2023, men med mulighet til innføring fra 2022. Fagseksjonen ber studieprogramrådet om råd om hvordan vi kan legge opp prosessen med å få på plass en ny studieplan.		
--	--	--	--	--

Referat:

Studieprogramrådet diskuterte omkring prosessen for å revidere studieplan for Master i klinisk sykepleie. -Studieprogramrådet ber om at HVL bruker tid på å få på plass ny plan til studiestart 2023. Det er ikke kapasitet til å gjøre det i kommande studieår innan de fristar som gjeld.

Det speglar seg ut til å bli nasjonale retningslinjer som er på 120 studiepoeng der det er mogleg å stå av etter fullført 90 stp spesialisering. Endelig retningslinje kommer 21. oktober fra departementet.

I arbeidet er det viktig å ha med seg historikken med premissene for etablering av master i klinisk sykepleie med diabetessykepleie, kardiologisk sykepleie og helsepsykologisk sykepleie som utgangspunkt for at ABIO(K) utdanningane også kom opp på masternivå.

Oppsummert : det vil vere eit omfattande arbeid å revidere, så det er ikke mogleg å få til eksempelvis emneplanar mellom 21. oktober og 1. februar 2022 som er fristen for å ha klar studie og emneplanar ved HVL. Studieplanen skal vere tilgjengeleg for potensielle søker kommende studieår. Studieprogramrådet anbefaler difor fagmiljøet å bruke god tid på å fram en god plan som ivaretok alle dei ulike aspektane ved det studieprogrammet.

Prosessens vert videre j.fr [§ 3-2](#) i Forskrift om studium og eksamen på Høgskulen på Vestlandet at dekan nemner opp og gir mandat til arbeid studieplanar. Det er Utdanningsutvalet ved HVL som skal godkjenne den nye studieplanen i møte i januar/februar 2023.

11/21 Orienteringer fra studentene				15min
---	--	--	--	-------

Referat:				
12/21 Orienteringer fra praksisfeltet				15 min
Referat:				
12/21 Orienteringer fra HVL		Status søknader til årets opptak		10
Referat:				
13/21 Eventuelt				10
Referat:				

Sak 8/ 21 Presentasjon av internasjonalt fokus i studieprogrammet.

I vårsemesteret 2021 har fagseksjonen fokus på internasjonalisering – Målet er å få ei felles forståing av kva internasjonaliseringa ved Fagseksjonen består av både med omsyn til studentutveksling og forskarsamarbeid.

Fagseksjonsmøta våren 2021 har lagt opp eit program der tilsette som er sentrale i internasjonalt arbeid presenterer sine internasjonale kontaktar, prosjekt og høve til studentutveksling:

Dato	Planlagde tema
17. mars	Internasjonalisering – ABIO/ POPS/ Hybrid curriculum . Asgjerd Litlere Moi/
31. mars	
14. april	Internasjonalisering – Utveksling Praha – Ann-Cathrin Melby/ Michael Mortensen.
28. april	Internasjonalisering – Nordsne . Grethe Dåvøy
12. mai	Internasjonalisering – Diabetessjukepleie/Diabest . Marjolein Iversen/ Anne Haugstvedt
26. mai	Internasjonalisering – Kardiologisk sjukepleie/Procard v. Tone Norekvål
9. juni	Internasjonalisering – Nordanett – Sigrunn Drageset

Referata frå fagseksjonsmøta våren 2021 vil danne grunnlag for ein oversikt over internasjonal verksemد ved fagseksjonen.

For heile HVL, og kanskje særskild for masterstudieprogramma og enno meir for ph.d.-programma, er internasjonalisering av sentral verdi for utviklinga av studiekvaliteten. I masterprogramma og enno meir ph.d.-programma gjennom gjennomfører studentane forskningsprosjekt, der dei tilsette sine internasjonale kontaktar og forskarsamarbeid, kan gje studentane i studieprogramma innpass til allereie eksisterande internasjonalt finansierte prosjekt, eller at studentar og rettleiarar kan utvikle knoppskytingar frå slike prosjekt.

Internasjonale forskningsprosjekt med finansiering borgar også for kvalitet og for forskingsresultat, og dermed auka sjanse for gjennomføring og for miljøet si evne til å utvikle kandidaten.

Studentutveksling er også eit sentralt verkemiddel i masterstudiet. Master i klinisk sjukepleie har praksisstudier i studieprogrammet – og eit internasjonalt perspektiv på klinisk arbeid er med på å gje kvalitet til dei komanda spesialistane sin fagforståelse og fagutøving. Studentutveksling er også eit steg i å utvikle livslange kontaktar og eit sterkt fagmiljø.

Studieprogrammet for master i klinisk sjukepleie skal utvikle fagforståing og fagutøving for høg kvalitet i helsetenestene for enkeltpasientar. Studieprogrammet, instituttet, fakultetet og heile HVL skal også utvikle litteraturgrunnlaget for framtidig helseteneste, og skal også gje forskningkompetanse og pedagogisk kompetanse til komande førstemanuensar og professorar, som i gjen skal få fram nye generasjonar.

Internasjonale kontaktar sentral for å få fram fruktbare forskingsprosjekt med sjanse for finansiering og gjennomføring.

Sak 09/ 21: Personalsituasjonen ved Fagseksjonen for master i klinisk sjukepleie

Fagseksjonen har 2 studieprogram: Studieprogram for master i sjukepleie – kliniske spesialiteter og Studieprogram for master i klinisk sjukepleie.

Studieprogrammet master i sjukepleie – kliniske spesialiteter

Studieprogrammet master i sjukepleie – kliniske spesialiteter er ein eining av felta gastrosjukepleie, infeksjons og smittevern, lungesjukepleie, nevrosjukepleie, uroterapi og stomi- og kontinenssjukepleie. Studiet startar hausten 2021. Opptaksramma er 30 studentar. Hausten 2021 startar også 30 suppleringsstudentar som har gjennomført 60 studiepoeng på masternivå innan dei 6 spesialitetane. Det er studiestart for om lag 150 studentar som blir tekne opp på ei 60 studiepoengs vidareutdanning. Tilsette som bidrar i studieprogrammet er knytt til fleire fagseksjonar ved instituttet og er omtalt i akreditteringssøknaden. Her nemner eg spesielt professor Monica Wammen Nortvedt (60+) som er studieprogramansvarleg, og førstelektor Marit Hegg Reime.

Studieprogrammet master i klinisk sjukepleie

Studieprogrammet master i klinisk sjukepleie er ei eining av felta anestesisjukepleie, barnesjukepleie, diabetessjukepleie, helsesjukepleie, intensivsjukepleie, kardiologisk sjukepleie og operasjonssjukepleie. Søkarar studieprogrammet søker på gitte emnekombinasjonar som gjev spesialistkompetanse innan kvart felt.

Ved campus Haugesund, campus Bergen og campus Førde er opptaksramma slik:

Anestesisjukepleie: 4 + 20 + 6 studentar

Barnesjukepleie: \ + 10 + \ studentar (opptak annankvart år)

Diabetessjukepleie: \ + 22 + \ studentar (opptak annankvart år, deltid)

Helsesjukepleie: \ + 4 + \ studentar

Intensivsjukepleie: 10 + 37 + 6 studentar

Kardiologisk sjukepleie: \ + 22 + \ studentar (opptak annankvart år, deltid)

Operasjonsjukepleie: 5 + 23 + 6 studentar

Tilsette ved Fagseksjonen som i hovedsak bidrar i studieprogrammet master i klinisk sjukepleie

Studieprogrammet generelle emne

Studieprogrammet har 2 professorar (Bentsen, Boge (60+)) i full stilling og 1 professor (Drageset (60+)) i 70% stilling som har alle oppgåver knytt til vitskapsteori, forskingsmetode, prosjektplan og masteroppgåve. Professor Drageset er sett opp med heile stillingsdelen sin i akkreditteringssøknaden til det nye studieprogrammet master i allmennsjukepleie, men ho kjem etter planen til å koma aktivt med i det studieprogrammet først i 2022-2023.

Det er 1 professor i full stilling (Langeland (60+)) som har tilsvarende oppgåver, men som i hovedsak har oppgåver knytt til master i jordmorfag. Ein professor (Hallström (60+)) i 20% stilling er knytt til rettleiing på masteroppgåva. Stillinga går ut sommaren 2021, og Hallström ønsker ikkje å forlenge tilsetjinga. Det er 1 professor (Richards (60+)) i 50% stilling. Stillinga blir i hovedsak knytt til å bidra til å fasilitere forskingsaktiviteten for tilsette i studieprogrammet. Førstelektor Marit Hegg Reime har 100% stilling, der 300-400 timer er knytt til master i sjukepleie kliniske spesialiteter og rundt 200 timer knytt til bachelor i sjukepleie.

Diabetessjukepleie

Spesialiteten har 2 professorar (Graue (60+), Iversen(60+)) og 1 førsteamanuensis (Haugstvedt) som akkurat har avslutta postdoc-perioden sin.

Spesialiteten har 3 stipendiatar i fulle stillingar. 1 av stipendiatane (Hernar) har nettopp levert doktorgradsavhandlinga, 1 er halvvegs (Teigland), 1 (Fløde) er tilsett for 1 år sidan, og 1 (Laukhammar) blir tilsett frå 14. august. To av stipendiatane (Teigland, Fløde) har p. t. svangerskapspermisjon. Alle desse er utgjer eit robust forskingsmiljø som hevdar seg sterkt seg internasjonalt.

Studieprogramråd 26. 05. 2021. Studieprogram for master i klinisk sjukelie, Høgskulen på Vestlandet

Intensivsjukepleie

Intensivsjukepleie har 1 professor (Moi (60)) i full stilling ved campus Bergen. Det er 1 førsteamanuensis (Markussen(60)) i 60% stilling, 1 førstelektor Holme (60+) i 90% stilling ved Campus Haugesund, 1 førsteamanuensis (Bringsvor) i 20% stilling ved campus Haugesund, og som har ei postdoc-stilling ved Helse Fonna. 1 høgskulektor (Johnsgaard) ved campus Bergen er tildelt 50% førstelektorstipend i 2 år frå august 2021, 1 høgskulektor (Melby) ved campus Bergen søker aktivt om finansiering av stipendiatsstilling med prosjektplan knytt til dagbok i intensivavdeling/POPS og DAM-stiftelsen har oppmoda henne om å levere utvida søknad. 1 stipendiats (Mortensen) ved campus Bergen. Det er akkurat blitt ei ledig stilling son førsteamanuensis i intensivsjukepleie ved campus Førde.

Kardiologisk sjukepleie

Spesialiteten har 1 professor (Norekvål) i 20% stilling, 1 førstelektor (Fålun(60+)) i 20% stilling, 2 høgskulektorer (Pettersen og Instenes, begge ph.d-kandidatar) i 20% stilling og 1 stipendiats i 20% stilling. Stipendiaten har svangerskapspermisjon. Alle desse er rekruttert frå eit robust forskingsmiljø ved HUS som hevdar seg sterkt internasjonalt.

Operasjonssjukepleie

Spesialiteten har 1 professor (Bentsen) ved campus Haugesund som alt er nemnd, fordi ho har alle sine oppgåver knytt til studieprogrammet si masteroppgåve. Det er 2 førstelektorer (P. Eide (60) og Dåvøy (60+) ved campus Bergen. Det er 1 høgskulektor (Thoen) i 20% midlertidig stilling ved campus Bergen. Ho søker aktivt om finansiering av stipendiatsstilling med prosjekt knytt til dagkirurgiprojektet/ POPS. Det er ein høgskulektor (B. Eide) i 20% midlertidig stilling ved campus Haugesund, og ein høgskulelærar (Berglihn) i 20% midlertidig stilling ved campus Førde. Det er akkurat blitt ei ledig stilling som førsteamanuensis i operasjonssjukepleie som blir utlyst med det første.

Helsesjukepleie

Den fagspesifikke delen av helsesjukepleie er organisiert ved Fagseksjon for master i jordmorfag og helsesjukepleie.

Anestesisjukepleie

Det er ingen professor i anestesisjukepleie ved studieprogrammet. Det er 1 tilsett med førstekompetanse (S. Drageset (60+)) i full stilling ved campus Bergen, og 1 førstelektor (Hovland (60+)) i full stilling ved campus Førde. Hovland sin kompetanse er sterkt etterspurt også på det nye masterstudiet i allmennsjukepleie og på bachelorstudiet. 1 høgskulektor (Flakne) i full stilling ved campus Bergen. Ved campus Haugesund er 1 høgskulektor (Rebnord) til sett i 20% stilling i 2021. Han får privatadresse Bergen i løpet av våren. 2 høgskulelektorer i 20% stilling (Ytredal og Mehammer) er tilsett i 2021 og bidrar med praksislærarar i hovudsak. I Førde blir praksisemna gjennomførde med timekontraktar for høgskulektor og høgskulelærarar.

Barnesjukepleie

Spesialiteten har ingen professor, 1 førsteamanuensis i (Horne(60)). Han er vikar for ein postdoc (Kolltveit) som avsluttar postdocstillinga i 2021. Det er 1 førsteamanuensis (Vederhus (60?)) i 20% stilling.

Utlysing av stillingar

Ved utlysing av stillingar for anestesisjukepleie og operasjonssjukepleie har det ikkje vore søkerar med førstekompetanse. Det er ledige stilling i anestesisjukepleie som følgje av det, eller at det er tilsett høgskulektorer i fast stilling: Dei siste 3 åra er det tilsett 2 høgskulektorer i fast stilling i intensivsjukepleie, 1 høgskulektor i fast stilling i anestesisjukepleie og 1 høgskulektor i operasjonssjukepleie.

Dei ledige stillingane blir kompensert med timekontraktar for høgskulelærarar og høgskulektorer.

Studieprogramråd 26. 05. 2021. Studieprogram for master i klinisk sjukepleie, Høgskulen på Vestlandet
Det er fleire med førstekompetanse frå øvrige fagseksjonar som bidreg i studieprogrammet, først og fremst oppgåverettleiing på prosjektplan og masteroppgåve, men også intensivsjukepleie i ved campus Haugesund og campus Førde, og med.-nat. fag ved campus Bergen.

Oppsummering

Det 11 professorar ved fagseksjonen som bidrar i dei 2 studieprogramma. Av dei er Drageset i 70%, Richards i 50%, Norekvål og Hallstrøm i 20%. Langeland bidrar og ved studieprogrammet for jordmorfag. Dei siste 2 åra er Bentsen og Richards tilsett på bakgrunn av utlysing etter professor i klinisk sjukepleie. Dei øvrige er professor på bakgrunn av individuelt opprykk. Det er etter måten få med førstekompetanse. Det har i stor grad ikkje lykkast å få førstekompetanse til studieprogrammet ved utlysing av stillingar. Det er fleire stipendiatar ved studieprogrammet som treng tilbod etter disputas.

Ved campus Haugesund er det kun 20% stilling i anestesisjukepleie og operasjonssjukepleie. Ved campus Førde er det 1 i 20% høgskulelærar som varetek operasjonssjukepleiefeltet. 1 høgskulelektor ivaretok intensivsjukefeltet mn som akkurat er tilsett ved fagseksjon for bachelor i sjukepleie - Førde.

- Dei 11 professorar ved fagseksjonen er enkelpersonar som tilhører kvar sine ressurssterke forskningsmiljø lokalt, i Noreg, og internasjonalt, og som kan få fram prosjekt som er konkuransedyktige i tildeling av stipendmidlar og postdocmidlar. Det bør utformast stipeniatutlysingar der kandidatar innan spesialitetane som ikkje har eigne professorar kan söke.
- Det er få førsteamanuensar/ førstelektorar på grunn av at det ikkje er søkerar til utlyste stillingar, og ein har tilsett høgskulelektorar i faste stillingar for å avhjelpe kompetansemangelen. Høgskulelektorane treng førstekompetanse.
- Spesielt anestesisjukepleie har marginalt med tilsette ved alle 3 campus.
- For operasjonssjukepleie er det marginalt med tilsette ved campus Haugesund og campus Førde,
- For intensivsjukepleie er det stabilitet ved campus Bergen og campus Haugesund. Ved campus Førde er ein heilt avhengig av fagleg forsterking frå Fagseksjon for bachelor i sjukepleie.

Sak 10/ 21 RETHOS3 og nye retningsliner for ABIO. Organisering av arbeidet og kva ein bør legge vekt på

Departementet tek sikte på å levere den nye retningslina for ABIO-utdanningane over til høgskulane og universitetet 21. oktober 2021 (veke 42).

Ein må allereie no sette ein tidsplan for arbeidet, oppstart på studieprogramrevisjon – og tidspunkt der komiteane skal arbeide. Det vil seie at ein treng å redusere på undervisningstilbodet til studentane og ein treng å auke opp ressursane komitéarbeidet.

Mens ny studieplan blir utvikla, skal studieprogrammet gjennomførast (Fig 1): Veke 42 er samstundes med gjennomføringa av fagspesifikke emne (ANE502, BARN502, INT502 og OPR502) i blått kull. I rosa kull blir det siste praksisemnet gjennomført (ANE506, BARN506, INT506, og OPR506).

Vårsemesteret for blått kull startar med avsluttinga av eit fagspesifikt teoriemne (ANE503, BARN503, INT503 og OPR503) og deretter 7 vekers første praksisemne (ANE504, BARN504, INT504 og OPR504). Deretter vitskapsteori og forskningsmetode (MAMET) i 10 veker og til slutt 4 veker av andre praksisemne (ANE503, BARN503, INT503 og OPR503). Rosa kull har gjennomføringa av masteroppgåva med innlevering medio mai 2022.

Samstundes med gjennomføringa av studieprogrammet, blir store delar av planlegginga for kommande studieår gjennomført med konkrete timeplanar og turnus for praksisstudia.

FAGSEKSJON FOR MASTER I KLINISK SJUKEPLEIE STUDIEÅRET 2021 - 2022																																												
pr 03.03.2021 - med tillegg 25.03.2021 for ny master i sjukpleie - kliniske spesialiteter (GILNUUS)																																												
HAUSTEN 2021													VÅREN 2022																															
KULL MA-KS2021/ MSS2021													KULL MA-KS2020/ MSS2021 SUPPLI																															
uke	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24
dato	16.08	23.08	30.08	06.09	13.09.	20.08	27.08	04.10	11.10.	18.10.	25.10.	01.11.	08.11.	15.11.	22.11.	29.11.	06.12.	13.12.	20.12.	27.12.	03.01	10.01.	17.01.	24.01.	31.01.	07.02.	14.02.	21.02.	28.02.	07.03.	14.03.	21.03.	28.03.	04.04.	11.04.	18.04.	25.04.	02.05.	09.05.	16.06.	23.06.	30.06.	06.06.	13.06.

Figur 1: Oversikt over studieåret 2021/ 2022

Organisering av arbeidet

- 1.) Bør det etablerast ei vidareutdanning (90 stp) og eit masterstudium (120 stp), eller skal det leggast til grunn fagseksjonen kun tilbyr masterstudiet på 120 sp? (Forskrifta opnar ikkje for 90 stp master)
- 2.) Vi startar arbeidet med å utarbeide eit forslag til mandat og framdriftsplan for arbeidet der forslag til studieprogramkomitear er inkludert
- 3.) Oppnemning av komite som leier arbeidet. Vi treng framlegg til eksterne kandidatar og studentar til komiteen.
- 4.) Fagmiljøet startar opp arbeidet med å finne medlemmar til studieprogramkomite(studenter, faglege og eksterne)
- 5.) Etablering av komitear som utviklar fagspesifikke emne, 2 – 3 komitear pr spesialitet. Kvar komite består av 3 maks 4 medlemmar.
- 6.) Komitear som utviklar fellesemne som består av 1 medlem frå kvar spesialitet.
- 7.) Skal studieprogramråda brukast som ei referansegruppe, eller skal studieplanen, og evt søknad dersom det er vesentlege endringar, sendast til fagfellar?

Vi startar prosessen med å diskutere val av studiemodell:

- Bør vi bør tilrå masteroppgåve på 30 sp.

Framdriftsplan

- Introduksjon til arbeidet- opprette komitear Dekan vedtek og gjer mandat til arbeidet.
- Presentasjon av endeleg retningsline frå departementet.
- Ferdigstille skisse for å legge fram for referansegruppa (studieprogramråd)
- Utarbeide pedagogiske og fagleg/ vitskaplege tyngdepunkt.
- Utarbeide emneplaner med læringsutbytteskildringar
- Utarbeide skisser til områder for simulering, ferdighetstrening, studentaktive læringsformer, forelesningar
- Utarbeide eksamensformer
- Presentasjon av endeleg forslag til studieprogram for referansegruppa (studieprogramråd).
- Ferdigstille studieprogrammet

Ressursar

Her er 9 punkt med ei ansalgsvis ei vekes arbeidsinnsats med store delar av staben skissert. Å redusere studietilbudet desse vekene trengst, og muleg gjennomføre delar av studieprogrammet med innleigde timelærarar og praksisrettleiarar.

JH 18 05 2021. første utkast til Kristen Stæger Breisnes

Sak 10/ 21 RETHOS3 og nye retningsliner vfor ABIO. Organisering av arbeidet og kva ein bør legge vekt på

Departementet tek sikte på å levere den nye retningslina for ABIO-utdanningane over til høgskulane og universitete 21. oktober 2021 (veke 42).

Ein må allereie no sette av tidspunkter for når arbeidet skal starte – og tidspunkter der komiteane skal arbeide. Det vil seie at ein treng å redusere på undervisingstilbudet til studentane og ein treng å auke opp ressursane komitearbeidet.

Mens ny studieplan blir utvikla, skal studieprogrammet gjennomførast: Veke 42 er samstundes med gjennomføringa av fagspesifikke emne (ANE502, BARN502, INT502 og OPR502) i blått kull. I rosa kull blir det siste praksisemnet gjennomført (ANE506, BARN506, INT506, og OPR506) (Fig 1).

Vårsemesteret for blått kull startar med avsluttinga av eit fagspesifikt teoriemne (ANE503, BARN503, INT503 og OPR503) og deretter 7 vekers første praksisemne (ANE504, BARN504, INT504 og OPR504). Deretter vitskapsteori og forskningsmetode (MAMET) i 10 veker og til slutt 4 veker av andre praksisemne (ANE503, BARN503, INT503 og OPR503). Rosa kull har gjennomføringa av masteroppgåva med innlevering medio mai 2022 (fig 1).

Samstudes med gjennomføringa av studieprogrammet, blir bli store delar av planlegginga for kommaqnde studieår gjennomført med konkrete timeplaner og turnus for praksisstudia.

FAGSEKSJON FOR MASTER I KLINISK SJUKEPLEIE STUDIEÅRET 2021 - 2022

pr 03.03.2021 - med tillegg 25.03.2021 for ny master i sjukepaleie - kliniske spesialitater (GILNUS)																																				
HAUSTEN 2021												VÅREN 2022																								
Kull MA-KS2021/ MSS2021																																				
vake 33 34 35 36 37 38 39 40 41 42 43 44 45 46 47 48 49 50 51 52 1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 11 12 13 14 15 16 17 18 19 20 21 22 23 24 dato: 16.08.23.08 30.08.06.09 13.09.20.08 27.08 04.10 11.10 18.10.25.10.01.11. 08.11 15.11 22.11.29.11.06.12 13.12.20.12.27.12 03.01 10.01 17.01 24.01. 31.01.07.02 14.02. 21.02. 28.02. 07.03 14.03. 21.03. 28.03. 04.04 11.04. 18.04. 25.04. 02.05. 09.05. 16.06. 23.05. 30.05. 06.06. 13.06																																				
Kull: 16.08.23.08 30.08.06.09 13.09.20.08 27.08 04.10 11.10 18.10.25.10.01.11. 08.11 15.11 22.11.29.11.06.12 13.12.20.12.27.12 03.01 10.01 17.01 24.01. 31.01.07.02 14.02. 21.02. 28.02. 07.03 14.03. 21.03. 28.03. 04.04 11.04. 18.04. 25.04. 02.05. 09.05. 16.06. 23.05. 30.05. 06.06. 13.06 MKSS2 MKSS2 BARN501 S Helsepedagogikk (GILNUS)													VÅREN 2022 Påkøye ANE502 INT502 OPR502 BARN502 P P BARN503 S ANE503 INT503 OPR503 BARN503 GILNUS GENERELL DEL GILNUS GENERELL DEL PORTS MAMET500 Påkøye ANE504 INT504 OPR504 BARN504 GILNUS MAMET500 (DKH) MAMET500 (DKH) MKSS91 MKSS91 Mesteroppgåve GILNUS Mesteroppgåve GILNUS Mesteroppgåve GILNUS																							
GILNUS_2019 Kullet er ordinert utesamnert våren 2019																																				

Figur 1: Oversikt over studieåret 2021/ 2022

Organisering av arbeidet

- 1.) Komite som leier arbeidet.
- 2.) Komitear som utviklar fagspesifikke emne, 2 – 3 komitear pr spesialitet. Kvar komite består av 3 maks 4 medlemmar.
- 3.) Komitear som utviklar fellesemne som består av 1 medlem frå kvar spesialitet.
- 4.) Studiprogramråd er referansegruppe.

Framdriftsplan

Veke 39: Introduksjon til arbeidet- opprette komitear

Veke 42: Presentasjon av endeleg retningsline frå departementet.

Veke 48: Ferdigstille skisse for å legge fram for referansegruppa (studieprogramråd)

Veke 4: Utarbeide pedagogiske og fagleg/ vitskaplege tyngdepunkt.

Veke 7: Utarbeide emneplaner med læringsutbytteskildringar

Veke 11: Utarbeide skisser til områder for simulering, ferdighetstrening, studentaktive læringsformer, forelesningar

Veke 13: Utarbeide eksamensformer

Veke 14: Presentasjon av endeleg forslag til studieprogram for referansegruppa (studieprogramråd).

Veke 20: Ferdigstille studieprogrammet

Ressursar

Her er 9 vekers arbeidsinnsats med store delar av staben skissert. Å redusere studietilbudet desse vekene noko trengst, og muleg gjennomføre delar av studieprogrammet med innleigde timelærarar og praksisrettleiarar.